



To idrettsmerkeveteranar: Åshild Sjøwall startar Tordis Myklebust, som skal leggja ut på uthaldingsprøva - 1.500 meter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rapporten for 2010 frå idrettsmerkenemda i idrettslaget fortel at Åshild Sjøwall som også leiar nemda og som er 73 framleis toppar statistikken.

**Ho har no teke idrettsmerket 52 gonger.
Men Tordis Myklebust ligg ikkje langt etter, med 49 gonger.**

I fjor var det prøver 3 gonger på Heio og i tillegg uthaldingsprøver.

9 klarte i 2010 krava til idrettsmerket og i tillegg til dei 2 var det Astrid Haugland og Åslaug Lyse med 44 gonger kvar, Steinar Kroka med 38 gonger, Vivik Rimestad med 31 gonger, Ingrid Kroka med 26 gonger, Kjersti Bråtun med 25 gonger og Ingun Raudstein med 7 gonger.

Åshild har 'mista' berre eitt år sidan ho tok det første idrettsmerket då ho budde i Matre i 1964. Det var året då ho skifta ein hjarteklaff.

Ho har opp gjennom åra fått ei imponerande trofesamling: Kruket, miniatyrstatuetten i bronse, sølv og gull, Statuettklubbens heiderspris, veteranskjoldet og 50-årsmerket med Norges Idrettsforbunds diplom.

Nemda beklager at ikkje fleire tek idrettsmerket - i fjor altså berre 9.. Dette er ein fin måte å halde seg i form på og difor burde fleire kjenne seg frista.

Av Ola Matti Mathisen